



INTENSJONSAVTALE OM UTVIKLING AV FRAMTIDIG SAMARBEID OM INTERKOMMUNALE FELLESLØSNINGER FOR STORD -FITJAR -SVEIO - BØMLO

"VILJESERKLÆRING"

Bakgrunn for fellesprosjektet

Grunnlaget for dette samarbeidet og dette mandatet, er m.a flere felles møter siste året mellom rådmennene i dei fire kommunene, to møter med ordførarane til stades (15/3 og 5/6 d.å) Samt møte mellom rådmennene og tekniske sjefar den 22/6 d.å. (Sjå eigne referat.)

På sist møte med ordførarane til stades ble det vedtatt at ein etter møtet den 22/6-01 skal utarbeide ei felles viljeserklæring som skal underteiknast av samtlege ordførarar og rådmenn i dei fire kommunane.

På møtet den 5. juni –01 var der vidare enighet om at dette samarbeidsprosjektet til ei kvar tid skal omfatte 8-10 konkrete forslag til nærare definerte fellesløyser som skal utgreiast m.s.p. gjennomføring.

Til møtet den 5/6 hadde dei fire rådmennene lagt fram fleire forslag til gjennomdrøfting. Ordførarane prioriterte mellom disse forslaga. Etter møtet den 22/6 er fire nye forslag innen teknisk sektor lagt til denne felleslista over konkrete samarbeidsløyser -også dette i nært samråd med ordførarane.

Fellesløyserne- Konkrete fellesprosjekt

På denne bakgrunn skal det no samarbeidast. om å utgreie konkrete forslag til fellesløyser innen følgjande områder:

- felles kompetansesenter for drift og utvikling innen IKT (forprosjekt. er vedteke og under oppstart).
- felles innkjøp/samordning av teknisk utstyr (maskiner, måleutstyr, datateknisk utstyr, programvare m. v.)
- felles økonomi/rekneskap/løms/personal- kontor
- felles landbruk/skog og evt.. miljøkontor
- fellesløyser innen barnevern (inne i etablert prosjekt.)

- felles inntak/handtering/opplæring og rettleiing av lærlingar
- felles overformynderi
- felles løysingar for FDV- området (forvaltning -drift -vedlikehald)
- felles oppmålingstenester/byggesakshandsalning
- felles vaktordningar -teknisk vakt, beredskap m. v.
- Andre pågåande samarbeidsprosjekt einskildkommunar imellom skal halda fram og søkjast integrert i hovudprosjektet (t.d. den etablerte felles innkjøpsordninga, fellesprosjekt innen pleie og omsorg, "sydenprosjektet", pedagogisk/ skuleprosjekt o.a.).

For samtlege av desse prosjekta skal det utarbeidast konkrete mandat som skal danne grunnlaget for det vidare arbeid i prosjektgruppene som no må konstituerast.

Det vidare arbeid i dei forskjellige prosjektgruppene må planleggjast og gjennomførast i nært samarbeid med dei tilsette og deira organisasjonar.

Oppfølging

I arbeidsmøte den 2. juli d.å. mellom dei fire rådmennene i desse fleire samarbeidskommunane vart ein enige om straks å gå saman om eit forprosjekt som skal kartleggja likskap og forskjeller i eksisterande elektroniske/digitale IKT -/kommunikasjons-løysingar/plattformer desse fire kommunane imellom. Dette vert vurdert som eit naudsynleg tiltak for i det heile tatt å kunne komme vidare i samarbeidet om etablering av dei øvrige ovannemde fellesløysingar: Eiga mandat for dette forprosjektet er utforma.

Dette forprosjektet skal vidare legge fram ei oversikt over det felles e- verktøy – med kostnadsoverslag - som må skaffast til veges for å få etablert nødvendige fellesløysingar innan dei utvalgte samarbeidsområder. Dette gjeld både maskin- og overføringskraft, programvare, dataformat, kompetanse samt naudsynlege organisasjonsmessige tilpasningar .

Forprosjektet vert gjennomført av eksterne konsulentar i nært samarbeid med datanasvarlege i dei fire kommunane innanfor ei kostnadsramme på kr. 50.000,- -100.000,-. Kommunane deltek i finansieringen av dette forprosjektet etter ei fordelingsnøkkel knytta til folketalet.

Forprosjektet er forankra i dei samla drøftingar som har funne stad omkring dette fellesprosjektet og vidare til prosjektnotatet "Det nye teknologispranget" som er utarbeida av Norges Forskningsfond (2001).

Rådmennene har eit særskilt oppfølgingsansvar for styring og vidareføring av dei ulike fellesprosjekt som langt på veg bør søkjast gjennomført med egne krefter henta frå dei ulike fagmiljøa i dei fire kommunane. Gjennom faste halvårlege møter skal ordførarane knyttast tett til iverksettinga av prosjekta. Den einssilde kommune har sjølv ansvaret for å informera egne tilsette og folkevalde samt tilretteleggja for evt politisk handsaming i eiga system i den utstrekning ein finn dette naudsynleg.

På denne bakgrunn underteiknar representantar for dei fire kommunane denne intensjonsavtalen/viljeserklæringa.

Bømlo -Fitjar -Stord -Sveio 27. august 2001

 Inge Reidar Kallevåg Bømlo kommune	 Olaf Håugen Sveio kommune	 Magne Rommetveit Stord kommune	 Agnar Aarskog Fitjar kommune
 Sverre Olav Svarstad Bømlo kommune	 Odd Henry Dähle Sveio kommune	 Martin Dale Stord kommune	 Harry Herstad Fitjar kommune